

**Austebygd skule og barnehage,  
5939 Sletta**

Info til heimane i barnehagen og på skulen

**Nye reglar for bilkøyinga opp til barnehagen/skulen ”midtvinters”**

Den 27/10-15 hadde rektor/styrar møte med *Foreldrekontakten for SFO* (Monika Sikora), *FAU-leiar i barnehagen* (Linn G. Lunde) og *FAU-leiar på skulen* (Geir Olav Repål). Me såg på svara som hadde kome inn på undersøkinga om foreldra sitt syn på eventuell køying opp på skuleplassen ved henting ”midtvinters”.

Av svara som var kome inn var **11 for oppkøying** – og **6 var imot**.

Ut frå dette kom me fram til at me vil opna for oppkøying ved henting – **frå kl. 15.30 - frå 1.november og ut februar månad**.

Om morgonen gjeld same reglar som før: Bilen må vera ned ved parkeringsplassen att seinast kl. 07.40.

**Tryggleiken til barnehageborna og elevane er det aller viktigste i denne saka!**

Følgjande punkt må difor respekterast og følgjast for at ordninga skal gjelda:

- ***Kjør svært roleg ved opp-/nedkjøring, og ta spesielt hensyn til kjøreforholda.***
- ***Rygg bilen inn ved parkering, og parker langs gjerdet på skuleplassen, på sorsida av basketballstativet. (Sjå biletet, med pilretningen for parkeringa.)***
- ***Slå alltid av motoren, og ta bilnøkkelen med når du går frå bilen.***



Foreldrerepresentantane påpeika at dei vil ha nytt møte om ikkje dette fungerer godt nok, og ikkje opplevest heilt trygt. Saka vil då bli vurdert på nytt.

Austebygd skule og barnehage, 28/10-15

*Torunn Tolleshaug Hovden*  
Torunn Tolleshaug Hovden  
styrar/rektor